



DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT

Sogn og Fjordane Teater
Postboks 324
6802 Førde

Dykkar ref

Vår ref
18/1837-7

Dato
3. januar 2019

Sogn og Fjordane Teater - statsbudsjettet 2019 - tilskotsbrev

1. Tildeling av statstilskot for 2019

Vi viser til budsjettøknad for 2019.

Kulturredpartementet tildeler med dette Sogn og Fjordane Teater LL eit driftstilskot for 2019 på kr 19 870 000. Tilskotet er løyvd under kap. 323, post 71, jf. Prop. 1 S (2018–2019) og Innst. 14 S (2018–2019).

Stortinget har sett som vilkår for statstilskotet at det ordinære offentlege driftstilskotet vert fordelt mellom dei offentlege tilskotspartane med 30 pst. frå regionen og 70 pst. frå staten.

Statstilskotet vert utbetalt kvartalsvis til konto nr. 5368 05 06678.

2. Mål

2.1 Mål og oppfølgingskriterium

Dei overordna måla for løyvinga til kulturføremål er å medverka til at alle kan få tilgang til kunst og kultur av høg kvalitet, å fremja kunstnarleg utvikling og fornying og å samla inn, bevare, dokumentera og formidla kulturarv. Det er vidare eit mål å syta for at norsk er eit velfungerande og fullverdig språk.

I eit mangslunge samfunn rikt på kontrastar er det viktig å leggja til rette for og fremja ei stor breidd av røyster og tilbod. Kulturtilbod med offentleg stønad må difor vera allment tilgjengelege, slik at dei som ynskjer det, får høve til å delta i og oppleve eit mangearta kulturliv.

Postadresse
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo
postmottak@kud.dep.no

Kontoradresse
Grubbegata 1
www.kud.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 866

Avdeling
Kunst- og
museumsavdelinga

Saksbehandlar
Siri Rebecca Kile
Johannessen
22 24 80 68

Måla for løyvingane til musikk og scenekunst i 2019 er å leggja til rette for produksjon, formidling og etterspurnad av ulike musikk- og scenekunstuttrykk.

Vi føreset at tilskotet vert disponert i samsvar med dei måla som er oppgjevne i søknaden for 2019, og at tilskotsmottakaren utformar tenlege system for oppfølging av eiga måloppnåing som sikrar høg kvalitet og god ressursutnytting. Tilskotsmottakaren skal streva etter gjennomgåande kvalitet, anten det handlar om formidling, kunstnarleg produksjon eller anna.

2.2 Særskilde tilhøve/satsingar i 2019

Arbeidet med periodiske evalueringar av musikk- og scenekunstinstitusjonane held fram i 2019. Departementet er i kontakt med dei institusjonane som skal evaluerast.

3. Føresetnader for statstilskotet

Tilskotsmottakaren må følgja opp dei føresetnadene og krava til økonomiforvaltning og rapportering som følgjer av dette brevet og i dei vedlagde *Retningslinjer for økonomiforvaltning og kontroll for tilskuddsmottakere som får tildelt driftstilskudd fra Kulturdepartementet i 2018*.

Forsvarleg og effektiv drift

Det er ein føresetnad for statstilskotet at tilskotsmottakaren sikrar at drifta er økonomisk forsvarleg, og at bygningar og utstyr vert haldne ved like. Det må òg avsetjast tilstrekkelege midlar til investeringar, og til fri eigenkapital som trygging mot uventa kostnads- og inntektssvingingar. Eventuelle avsetjingar til framtidig vedlikehald og investeringar må førast som langsiktig gjeld/skyldnad i balansen.

Eigeninntekter

Alle tilskotsmottakarar skal utnytta det potensialet dei har for eigeninntekter. Departementet legg til grunn at den einskilde institusjonen har planar for å utvikla dei ulike inntektskjeldene sine med sikte på å auke eigeninntektene, irekna billettinntekter, andre aktivitetar og tiltak som gjev inntekter, og gåver og sponsorinntekter.

Søknadar til Norsk kulturfond

Institusjonar som får årleg driftstilskot frå Kulturdepartementet, skal som hovudregel ikkje innvilgast tilskot frå Norsk kulturfond. Unntak kan vurderast mellom anna for å fremja samarbeidet mellom institusjonane og det frie feltet.

Universell utforming og følgjeproov

Departementet minner om at offentleg og privat verksemd retta mot allmenta skal vera universelt utforma, jf. lov om forbod mot diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne.

Det er ein føresetnad for det tildelte tilskotet at alle som har følgjeproov for funksjonshemma, og som kjøper billett til ordinær pris til eit arrangement, får gratis billett for følgjepersonen. Eventuelt kan ein ha rabattordningar som gjer at billettprisane for den funksjonshemma og følgjepersonen samla ikkje overstig prisen for ein ordinær billett.

Arbeid for å hindra trakassering

Kulturdepartementet legg til grunn at tilskotsmottakaeren arbeider for å hindra trakassering og anna utilbørleg åtfærd, i tråd med krava i arbeidsmiljøloven. Institusjonen skal ha rutinar og system for intern varsling om kritikkverdige tilhøve, i samsvar med arbeidsmiljøloven § 2 A-3.

Eksternt tilsyn av utstys- og egedomsforvaltninga

I samsvar med St.meld. nr. 32 (2007–2008) *Bak kulissene* og Innst. S. nr. 157 (2008–2009) skal institusjonane gjennomføra eksternt tilsyn av utstys- og egedomsforvaltninga kvart fjerde år, med rapportar om tilstand, planar, gjennomførte tiltak, kompetanse og organisering. Det skal i årsrapporten gjerast greie for korleis tilskotsmottakaren har følgd opp dette. Rapport frå slike tilsyn med den planen institusjonen har for oppfølginga, skal leggjast fram for Kulturdepartementet.

Pensjonsskyldnader

Rekneskapslova, rekneskapsstandardar for pensjonsskyldnader og god rekneskapskikk stiller krav til balanseføring av pensjonsskyldnader.

Mange institusjonar har dei siste åra fått ein markant auke i pensjonskostnadene, noko som kan føra til at eigenkapitalen vert redusert og i nokre tilfelle negativ. Denne auken i pensjonskostnader er i stor grad ein følgje av endringar i parametraner for utrekning.

Fleire institusjonar har lukka delar av ytingspensjonsordningane dei siste åra, men det står framleis att skyldnader for nokre, og dette krev aktuarutrekningar til rekneskapsavlegginga.

Departementet praktiserer som styringsprinsipp overfor institusjonane at tapt eigenkapital må gjenopprettast i løpet av eitt år. Departementet vil ikkje praktisera dette styringsprinsippet overfor institusjonane når årsaka til rekneskapsunderskotet og/eller tap av eigenkapital heilt ut er ein følgje av endringar i utrekninga av pensjonsskyldnader frå det eine året til det andre. Likevel legg departementet til grunn at dei institusjonane som framleis har negativ eigenkapital som følgje av pensjonsskyldnader, tek åtgjerder slik at balansen mellom inntekter og kostnader, inkludert pensjonskostnader, vert betra.

Institusjonane må gjera greie for saka i fotnote til rekneskapsrapporten. Kulturdepartementet vil følgja utviklinga i pensjonskostnadene nøye.

Vedlagde skjema skal fyllast ut og sendast på e-post til departementet i samband med budsjettsøknaden for 2020.

4. Rapportering

Tilskotsmottakaren må utarbeida rapport om aktiviteten i 2019 i nettskjema for budsjettsøknaden for 2021 via Altinn-portalen. Rapporteringa skal mellom anna innehalde revidert rekneskap for 2019 og omtale av resultat i samsvar med dei måla som er omtalte i

søknaden for 2019. Tilskotsmottakeren må òg rapportere i tråd med andre krav og føresetnader trekte opp i tilskotsbrevet. Departementet vil koma attende til krav til rapporten i eige rundskriv om budsjettsøknader for 2021.

Scenestatistikk

Musikk- og scenekunstinstitusjonane skal frå og med rapporteringsåret 2018 levera ein utvida scenestatistikk saman med den årlege budsjettsøknaden via Altinn-portalen, jf. pkt. 5 under. Publikums- og aktivitetsstatistikken vil bli offentleg tilgjengeleg og rapportert vidare til Statistisk sentralbyrå. Departementet understreker at rapporteringsskjemaet må fyllast ut korrekt og i tråd med dei forklaringane som går fram av hjelpetekstane.

I tillegg til rapporteringa i nettportalen skal tilskotsmottakarar som er definerte som små føretak etter krava i rekneskapslova, berre levera revidert rekneskap for 2019 med balanse og notar og revisjonsmelding til departementet. Store føretak skal, som før, levere årsmelding frå styret saman med revidert rekneskap og revisjonsmelding for 2019.

Dokumenta skal underteiknast og sendast på e-post så snart dei ligg føre og seinast innan 1. mars 2020 til postmottak@kud.dep.no.

5. Fristar i 2019

Frist for levering av budsjettframlegg for 2020 og rapport for 2018 i nettskjema for budsjettsøknaden for 2020 er 1. mars 2019. Dette er også fristen for å senda inn revidert rekneskap for 2018 med revisjonsmelding, og for store føretak også årsmelding frå styret.

6. Annan informasjon

Gåveforsterkingsordninga inneber at pengegåver frå stiftingar og private gjevarar til kunst- og kulturinstitusjonar utløyser eit statleg tilskot på 25 pst. av gåvebeløpet, såframt retningslinjene for ordninga er innfridde. Retningslinjer og søknadsskjema er å finna på heimesidene til departementet: www.regjeringa.no/kud.

Med helsing

Constance Ursin (e.f.)
kst. avdelingsdirektør

Siri Rebecca Kile Johannessen
rådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Vedlegg: Retningslinjer for økonomiforvaltning og kontroll for tilskuddsmottakere som får tildelt driftstilskudd fra Kulturdepartementet i 2019

Pensjonsskjema

Kopi

Førde kommune

Sogn og Fjordane fylkeskommune

KOPPI